



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 24.8.2012
Stad: Ål, Aal Pensjonat

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Halvor Lilleslett,	Gol kommune
Kjell Ålien,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Ole Johnny Stavn og regionkontakt Terje Moen

Rådmannsutvalet deltok i sak 32, 33, 34

SAK 31/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.6.2012

Vedtak

Møteprotokoll 29.6.2012 vart vedteke.

SAK 32/12 LOKALMEDISINSKE TENESTER I HALLINGDAL, FINANSIERING VIDAREFØRING

Vedtak

Regionrådet løyver kr. 175.000 pr. år i 2013, 2014 og 2015, til prosjektarbeidet for lokalmedisinske tenester i Hallingdal jmfr. pkt.2 i intensjonsavtala. Midlane blir som utgangspunkt teke frå disposisjonsfondet, men det skal søkast om bruk av skjønnsmidlar for dei respektive åra.

SAK 33/12 UTTALE REGIONAL PLANSTRATEGI

Vedtak

Uttale

1. Regionrådet for Hallingdal støttar forslag til følgjande regionale planar, som er i tråd med skisserte utfordringar, innspel frå dialogmøter, og støttar opp om visjon for Buskerud:
 - Regional plan for kunnskapssamfunnet
 - Regional areal- og transportstrategi
 - Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping
 - Regional plan for det flerkulturelle Buskerud

Interregional plan for intermodal godstransport i Buskerud, Vestfold og Telemark skal vera ein del av plan for regional areal- og transportstrategi.

Regionrådet meiner ikkje regional plan for kulturminnevern kan seast å vera eit strategisk satsingsområde, men det kan vera på sin plass med forvaltningsmessige avklaringar.

2. I regional areal- og transportstrategi er det peika på nokre konkrete utfordringar og spørsmål som det bør sjåast nærare på i planarbeidet. Her bør det og vera med eit punkt i forhold til at auka investeringar i infrastrukturprosjekt skaper større og meir robuste arbeidsmarknadsregionar, ref. forslaget til kompetansearbeidsplassutvalet (NOU 2011:3), og rapport frå TØI juni 2012 «Potensial for regionforstørring». I tillegg må utvikling av jernbane og vera med som eit punkt for utvikling av Ringeriksregionen og Hallingdal. Noko som og vil samsvara med Buskerud fylkeskommune si eigen uttale til NTP 2014 – 2023, i forhold til utvikling av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen.
3. Sjølv om regional planstrategi i stor grad skal famne heile fylke er det særdeles viktig at fylkeskommunen evnar å legge planar og strategiar, som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Buskerud står overfor (noko som til ein viss grad er synleggjort i saksvurderingane). Regionrådet for Hallingdal ser på dette som eit viktig arbeid, i samband med utarbeidning av planprogram for dei regionale planane.

SAK 34/12 HALLINGDAL 2020, REGIONAL POSISJONERING

Ulrikke Ytteborg som prosjektleiar for prosjektet Hallingdal 2020, regional posisjonering, presenterte forprosjektet og arbeidsgruppa si tilråding.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal er samd i dei strategiske vegval som forprosjekt; Hallingdal 2020, regional posisjonering, legg opp til.
2. Regionrådet vil takke arbeidsgruppa for vel utført arbeid.
3. Regionrådet ber om at det til neste møte blir utarbeida forslag til organisering av hovudprosjekt med finansiering og framdriftsplan.

SAK 35/12 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL, REVIDERING

Dagleg leiar presenterte idear for innhald og oppbygging av Strategisk plan for Hallingdal med utgangspunkt i m.a. Hallingtinget sitt vedtak og Hallingdal 2020, regional posisjonering. Det vart og presentert forslag til satsingsområde etter følgjande fordeling (som døme):

A Hovudsatsing

- Bukvalitet, (bulyst/blilyst)
- T.d. folkehelse
- Rekruttering/kompetanse/posisjonering/omdømmebygging
- Realisering av viktige samferdselsprosjekt

B Viktige utviklingsoppgåver i regionen (eks.)

- Kompetanse
- Næringsutvikling

C Andre viktige oppgåver for Regionrådet (eks.)

- Regionrådet som møteplass og drøftingsorgan

Regionrådet for Hallingdal drøfta oppbygging og kor spissa planen bør vera.

Dagleg leiar utarbeidar utkast til plan til neste møte i Regionrådet.

I tillegg blir det eit eige møte for å slutføre forslag til strategisk plan, 8.10, kl. 12:00 – 16:00. Etter det skal planforslaget sendast ut for vidare handsaming i Hallingtinget 26.10.2012.

SAK 36/12 VASSDRAGSKONSESJONAR

Med bakgrunn i moglegheiter for eventuelle innspel til nasjonal gjennomgang av vassdragskonsesjonar, pågåande revisjonssaker i Hallingdal og Vanndirektivet, drøfta Regionrådet saka.

SAK 37/12 EVENTUELTT

Stopp Veisaltingen

Regionrådet for Hallingdal har motteke brev frå Stopp Veisaltingen, Hallingdal. Regionrådet blir oppmoda om å drøfte vinterdrifta av Rv7 og Rv52 gjennom Hallingdal.

Regionrådet drøfta saka og vil i fyrste omgang ta saka opp med Statens vegvesen, i felles møte 5.september.

Ål 3.9.2012

for rådsordførar
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar